



Magne Huglen (i midten) leia årsmøtet. Her sit han millom Åshild Sjøwall som representerte Eldrerådet og kommunestyrekollega Håkon Røstbø

Eg har aldri forstått snuoperasjonen om eigedomsskatten med alle dei store oppgåvene som låg framfor oss. Det sa uskedelingen og veteranen Åshild Sjøwall under årsmøtet i Kvinnherad Arbeidarparti i ettermiddag. Lars Magnar Bjelland svara at økonomien til kommunen snudde seg etter vedtaket om å kutte skatten.

Det vart ikkje nokon stor og ny debatt om denne, men det vart sagt av Øyvind Hardeland at det framleis ikkje er nokon skam å snu.



Det nye styret består av Arve Opsanger, Synnøve Solbakken, Øyvind Hardeland, Lise Rørvik, Gretha Rød (Uskedalen), Kenneth Hamre og Aksel Kloster junior, som ikkje var til stades

16 av dei 101 medlemmene i Kvinnherads største koalisjonsparti var til stades under årsmøtet som i pakt med ein svært langvarig tradisjon vart halde på Solheim Turiststasjon.

Også fleire andre parti held årsmøta sine i Uskedalen - i morgon kjem turen til Høgre.

Årsmøtet i dag vart og leia av ein uskedeling, Magne Huglen som er ny i kommunestyret. Han held fram i diskusjoen om økonomien at ein må sjå på alle utveggar og sjå kommunen som ein heilheit for å få ein betre kommunal økonomi. Ein må tenkja samarbeid og snu alle steinar, understreka han

Fleire var ellers opptekne av det knappe fleirtalet på ein representant som Lars Magnar Bjelland karakteriserte som ikkje heilt enkelt sjølv om årsmeldinga uttrykte stor tilfredsheit med framgangen på nesten 5 prosent ved valet.

Kommunestyregruppa sa i si melding at det var ei utfordring med eit så knapt fleirtal og Framstegspartiet som ny partner, Men det er etablert gode samarbeidsrelasjonar med Krf og SV og det gjev ein større tryggleik for gode løysingar. Prosessane er opne inn i kommunestyret men samstundes gjev dette mindre forutseielege resultat i nokre viktige saker.

Arve Opsanger som vart vald på ekstraordinært årsmøte ifjor då den sittande leiar trekk seg held fram som leiar. Med seg i styret har han no Synnøve Solbakken, Øyvind Hardeland, Lise Rørvik, Gretha Rød, Kenneth Hamre og Aksel Kloster junior. Magne Huglen er 2. varamann til styret.

Det blir no arbeid med å starta AUF-lag også i vår kommune, Målsettinga er at det skal skje innan utgongen av april.

- Venstre har gjort det og Høgre er på tur. Vi kan ikkje vera dårlegare, vart det sagt på møtet.

Årsmøtet krev like konkurransevilkår som konkurrentane i kraftforedlende industri og at heile handlingsrommet i regelverket blir nytta til fordel for denne industrien. I ei anna uttale blir det understreka at nye tunnelar mellom Seljestad og Haukelifjell må byggjast snarast råd

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen